

Alver kommune Plan og byggesak  
Ole Martin Bolset  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9275

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:  
15.12.2021

## **Merknader til detaljregulering av Ytre Eidsnes - gbnr 215/2 mfl.**

Planforvaltning har lagt ut forslag til detaljregulering av Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl., planID 46312020004 på offentleg ettersyn og høyring. Planområde ligg mellom Knarvik og Ostereidet og har ein storlek på omtrent 6.8 daa. Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for bustadbebyggelse med 5 einebustader.

Byggesaksavdelinga i Alver kommune har i hovudsak sett på reguleringsføresegna og har følgjande merknader knytt til planforslaget:

**1. § 2.1.2 – Bygningar skal utformast med høg arkitektonisk kvalitet.**

Byggesak vurderer dette som ein uklar og vag føresegn. Kva ligg i «høg arkitektonisk kvalitet»? Byggesak ser helst at føresegna er meir spesifikk, der til dømes materialbruk, takform, terrengtilpassing osv er spesifikt nemnd.

**2. § 2.1.5 Fyllingar og skjeringar skal tilpassast tilgrensande terren og såast/plantast til. Det skal ikkje førast opp murar høgare enn 1,5 meter utan at dei terrasserast.**

Forslag til endring:

Fyllingar og skjeringar skal tilpassast tilgrensande terren og såast/plantast til, og skal plasserast innanfor byggegrense. Det skal ikkje førast opp murar høgare enn 1,5 meter utan at dei terrasserast.

**3. § 3.1.2 Bustader frittliggjande småhus (BFS1-BFS3).**

Det bør kome fram om det er tillatt med utleigeleilighet og/eller sekundærhusvær for bustadeigedomene.

**4. Illustrasjonsteikningane syner bustader som er lagt inn i terrenget, det bør gå klart fram i føresegna at bustadene skal vere terrengtilpassa og avklaring på underetasje og kjeller (at det er opning for kjeller og ikkje underetasje).**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906 FREKHAUG